



31.01.2011

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148, Dep

Arkivsak: 11/111
Løpenr.: 11/367
Sakshandsamar:
Torodd Urnes

0033 OSLO

Elsertifikat, høringsuttale frå Luster kommune

Luster kommune viser til regjeringa sitt lovforslag om å etablere ein svensk-norsk marknad for el-sertifikat.

Slik Luster kommune ser det er regjeringa si varsla satsing på fornybar energi fornuftig og nødvendig. Luster kommune ser behovet for ein klimavenleg energipolitikk og er samd med regjeringa i at ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad kan gje grunnlag for ei slik satsing.

I Luster har vi allereie lagt til rette for utbygging av mykje fornybar energi. Det er gjennom åra bygd 9 småkraftverk i kommunen, med en total produksjon på 80 GWh. Satsinga på desse kraftverka har også gitt eit løft for næringslivet i kommunen. Tillhøyrande investeringar har vore på 165 mill kr.

3 småkraftverk i Luster, igangsette etter 1. januar 2004, vil ikkje bli sertifikatberettiga etter den foreslåtte el-sertifikatordninga. Dette kjem i klår konflikt med gjevne lovnader frå sentrale politikarar og skiftande regjeringar. Luster kommune ber om at også småkraftverk etablerte i perioden frå 1.januar 2004 til 7.september 2009 kjem inn under den nye ordninga.

Denne uttalen er førelagt formannskapet i Luster. I formannskapet er det full semje om saka.

Med helsing

Torodd Urnes
ordfører
tlf.:57 68 55 02